

Hanne Bakke Berntsen driv Middagsknotten - lunsjkantine i Fonna fjord Næringspark.

26.08.2020



Hanne Bakke Berntsen er klar for dagens innkjøp og førebuing til opninga kl. 09.00. Kantine er open for alle.

Hanne Bakke Berntsen (31 år) frå Uskedalen, bur i Mauranger, har opna lunsjkantine i Fonna fjord Næringspark. Avtalen med eigarane vart underskriven 1. august og alt 10. august var drifta i gang. Med god hjelp frå sambuar og familien er Middagsknotten alt godt kjend og innarbeidd. Kantine er open for alle og to dagar i veka, tysdag og torsdag, er det varmmrett.

Hanne Bakke Berntsen er eit profilert namn i mat- og severingsbransjen. Ho har mellom anna vore med i drifta i OlaLø, drive kantine i Rådhuset og kokt og levert mat til mange brudlaup, konfirmasjonar og selskap i og utanom kommunen. I Næringsbygget driv ho lunsjkantine og catering og lagar den maten kundane vil ha. All produksjonen er på Seimsfoss. I travle tider har ho avtale med Inger Lise Bondhus i OlaLø om gjensidig hjelp.

Med koronaen og nedstenging i mars fekk ho telefon med tilbod om å drifta kantine i Palfingerbygget, no Fonna fjord Næringsbygg. På kort varsel bestemte ho seg og no er alt oppe og går med mattilbod for alle som jobbar på bygget, men også for alle som ynskjer å ta turen innom. Med Felleskjøpet på plass vil aktiviteten auka i område.



I kantinen er det til vanleg plass til 80 personar. Hanne held på interiøret slik det har vore i Palfingertida.

Opningstida er måndag til fredag, kl. 09 - 14. Laurdag og søndag er det stengd.

I kantinen kan ein til vanleg dekkja til 80 personar. No er det plass til 40 personar. Det er komplett utstyr for matproduksjon og servering. Interiøret er slik det har vore dei siste åra i tida med livbåtproduksjon og redningsutstyr.

I eige innlegg vil Uskedalen.no skriva om ein annan uskedeling, Rune Myklebust i Lio Sag og Treforedling, som har flytta trelast- og byggevarehandelen frå Neslia til Seimsfoss.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal